

[Vestland](#) > [Landbruk og mat](#) > [Miljøtiltak](#) > [Gjødsel og pressaft](#) > Nye krav til bruk av gjødsel

Nye krav til bruk av gjødsel



Ny gjødselbrukforskrift blir viktig for vestlandsbonden. Foto: Øyvind Vatshelle, SFVL.

Det nye gjødselregelverket gjeld frå 1. februar 2025. For bonden er dette ei innstramming i bruk av gjødsel. Her går vi inn på nye krav som gjeld i Vestland frå 2025.

Publisert 20.02.2025, Sist endra 20.08.2025

Formålet med forskrifta er å legge til rette for rett gjødsling, gode avlingar, mindre avrenning til vassdrag og ta vare på biologisk mangfald. Den nye forskrifta gjeld bruk av både husdyrgjødsel og mineralgjødsel. Krav knytt til spreiemengd og spreietidspunkt gjeld ulikt i ulike delar av landet.

Nye fristar for spreiring av gjødsel

Nye fristar for spreiring i Vestland blir mellom 1. mars og 15. september, og gjeld all gjødselvarer. Det skal alltid haustast ei avling etter siste gjødsling. Det blir såleis slutt på sein haustspreiring av husdyrgjødsel med nedmolding, slutt på spreiring av pressaft utover hausten og slutt på kommunale forskrifter med utsett spreiring på grasmark. Det er framleis forbode å spreie gjødsel på frosen eller snødekt mark. Mange må no planlegge meir spreiring av husdyrgjødsel på vår og forsommar, for å unngå gjødsel som må ut etter siste slått. Kommunen kan ikkje lenger tillate gjødselspreiring etter fristen. Statsforvalteren får høve til å gi dispensasjon, men berre i særskilte tilfelle.

I 2025 og 2026 er det ei overgangsordning med fristar 15. februar og 15. september, og høve til å spreie med nedmolding fram til 1. november. Dei som har for lite lager har i tillegg overgangsordning ut 2028 med høve til å spreie med nedmolding fram til 1. november. Dette gjeld berre dersom det ikkje er vesentlege endringar i drifta, til dømes omlegging til lausdrift eller installering av mjølkerobot.

Kommunen må godkjenne innmarksbeite som skal gjødslast

Det er nytt at dette gjeld både for mineralgjødsel og husdyrgjødsel. Statsforvaltaren har utarbeidd eige søknadsskjema. All bruk av husdyrgjødsel på innmarksbeite krev godkjenning frå kommunen. Dei som har dokumentasjon med tidlegare godkjenning frå kommunen slepp normalt ny godkjenning. Sakshandsaminga skal opne for gjødsling der det er ønskeleg, og skjerme mot gjødsling der det ikkje er ønska.

Mineralgjødsel kan som ei overgangsordning bli spreidd på innmarksbeite utan godkjenning i 2025-2027 dersom gjødslingsplan for 2022 eller 2023 viser bruk av mineralgjødsel på det aktuelle beitet. I andre tilfelle må kommunen godkjenne innmarksbeitet som spreieareal før bruk av mineralgjødsel.

Avstand til vassdrag

Det er krav om minst to meter gjødslingsfri sone mot vassdrag, som tidlegare har vore vanleg praksis. For innmarksbeite er denne sona utvida til seks meter.

Redusert gjødsling med fosfor

Gjødsling med fosfor blir no kraftig innskjerpa. Frå 2025 er maksimal mengde fosfor 3,5 kg per dekar, og 2 kg per dekar for innmarksbeite. Dette er summen av fosfor frå mineralgjødsel, husdyrgjødsel og andre gjødselslag. Kravet vert vidare vesentleg innskjerpa med gradvis nedtrapping frå 2027 til 2033. Dette betyr at bonden må spreie husdyrgjødsel over eit større areal, og bruke mineralgjødsel utan fosfor.

For 10 mjølkekyr på innefôring eller beite på innmark trengte ein i fjor å spreie husdyrgjødsel på 40 daa spreieareal. Frå 2025 trengst 43 daa spreieareal for dei same dyra, frå 2027 trengst 54 daa, med gradvis opptrapping til 65 daa i 2033. Dersom ein har behov for å bruke mineralgjødsel med fosfor, trengst større areal.

Gjødslingsplan 2025

Nye krav til gjødslingsplan trer i kraft neste år. I 2025 er det same krav til gjødslingsplan som tidlegare, sjå [eldre informasjon om krav til gjødslingsplan](#). Hugs at gjødslingsplanen må bli oppdatert eller vere ny for 2025. Alle som har gjødslingsplan med husdyrgjødsel på innmarksbeite må sende søknad og få godkjenning av kommunen før gjødslinga startar i 2025, eller kunne dokumentere tidlegare godkjenning.

Nye krav til gjødslingsplan, journal og dokumentasjon frå 2026

Frå neste år må alle som disponerer og gjødsler over 25 dekar, eller over 5 dekar med potet/grønsaker ha gjødslingsplan. Gamle vedtak om fritak for gjødslingsplan vil falle bort frå 2026. Det blir òg nytt at alle gardsbruk som gjødsler jorda skal føre journal over utført gjødsling, også dei aller minste. Vidare blir det konkrete krav til at både den som leverer, og dei som tek i mot husdyrgjødsel frå andre må ha dokumentasjon på dette.

Strengare reglar for utandørs husdyrhald

Utandørs husdyrhald må drivast slik at ein unngår opphoping av gjødsel og fare for forureining. Konkret kan ikkje fôringsplassar ligge på same stad over lang tid, og dei må også plasserast i god avstand frå vassførekomstar og dreneringssystem. For permanent utandørs luftegard, fôringsplass, liggeplass, drikkeplass m.v. er det no krav om å samle opp gjødsel og fjerne den minst ein gong i vekstsesongen og ein gong om hausten.

Det er ikkje lov å gjødsle areal som ikkje blir hausta

Alt areal som blir gjødsel skal haustast. Det er også krav om hausting ved slått eller beiting etter spreieing av husdyrgjødsel om hausten. Ved kontroll på om føretaket har nok spreieareal er det berre det arealet som faktisk er gjødsel med husdyrgjødsel som blir godkjent som spreieareal.

Kan søke om dispensasjon

Det er berre Statsforvaltaren som kan gje dispensasjon frå den nye forskrifta, og Statsforvaltaren kan setje strengare krav til lagring og bruk av gjødsel der vassmiljømåla ikkje er nådd. Det er også høve til å søke Statsforvaltaren om å nytte balansegjødsling for fosfor eller ekstra husdyrgjødsel i fosforfattig jord. Kommunen kan gje løyve til bruk av husdyrgjødsel på anna areal for å opparbeide nytt beite.

Reaksjon ved brot på regelverket

Manglande eller mangelfull gjødslingsplan eller ulovleg spreiiing av gjødsel har tidlegare vore straffa med trekk i tilskot. Reaksjonar for brot på det nye regelverket vil normalt vere gebyr etter forureiningslova, matlova eller folkehelselova. For alvorlege brot kan også anna regelverk bli gjeldande. Trekk i tilskot er framleis aktuelt i tillegg, men no grunna brot på anna regelverk enn produksjonstilskotsregelverket.